Bergen 24/1-86

Uskedal musikklag.

v/Kristian. O. Bringedal.

Eg henviser med dette til den telefonsamtale de hadde med meg den 22/11 - i anledning starten av Uskedal musikklag.
Eg vil med dette bekrefte det eg sa i telefonen korleis det heile tok til. Eg kan ikkje huske når det i ungdomslaget vart bestemt vi skulle kjøpe musikkinstrument. Det som eg husker best er eit avertesemang eg trur det må ha vert i Bergens Tidende for eg kan ikkje huske at eg leste bladet Sunnhordland. Eg kan se avertesemanget for meg, og det som gjorde at eg la merke til det var at første linje var større bakstaver. Hornmusikkinstrument til salgs. Eg tok kontakt med styre i ungdomslaget og på møte vart det bestemt at vi skulle undersøke pris.
Eg kan ikkje huske no korleis det vart formidlet men eg trur det var gjennom skriv kanskje ~~skriv~~ telefon.
Det var formannen Johannes Rød som tok kontakt og fekk ein pris på kr 400.- eg undertegnede var kasserar.

Det vart på møte vedtat at Johannes Rød og eg skulle reise.
Eg husker vi reiste frå Uskedal ein morgen med ein liten båt som gjekk i post og passasjer-rute på Sunnhordland og Kvinnherad den var stasjonert på Leirvik.
Vi kom til Eide på Halsnøy tidleg på dag og vart mottat av han som skulle formidle salget. Båten gjekk vidare til Leirvik og kom etter nokre timer i samme rute tilbake so vi var heime samme dag.
Dette er ein liten orientering um korleis det hele startet. Etter at musikklaget kom igang med øvelser og Klette som dirigent er de sikert godt orientert um.
Fotografi utenum gruppebillede kan eg ikkje se at eg har.

Mi beste helsing
Alfred Sunde
Falsensvei 62 B
5032 Minde.